

«4-årshelg» i Sandane kyrkje laurdag 21. og søndag 22.sept kl 11-12.30. For alle som fyller 4 år i 2019.

Det blir mykje godt fokus på 4-åringane desse dagane, og både foreldre og barn blir servert graut laurdagen. Søndag er det gudsteneste med søndagskulepreg, for heile familien! Kaffi, saft og kaker etter gudstenesta.

Vi står i gangen i kyrkja tek i mot dykk begge dagane, og søndagen pyntar vi kyrkja til fest med kruser og ballongar. Det høyrer med når vi skal feire at 4 åringane er prinsar og prinsesser i Guds rike! Denne dagen er det kjekt om borna også pyntar seg.

Vi har erfart at det er fint om 4-åringane/ de sit litt langt framme i kyrkja under gudstenesta. Vi reserverer ein del plassar. Og om 4-åringen treng det, må de gjerne følgje med fram når det er utdeling av bok.

Trusopplæring

Dei fleste av dykk har døypt borna dykkar i kyrkja, mens nokre av dykk er døypte sjølv, utan at borna er døypt. Kyrkja og heimen har eit felles ansvar for å lære borna om den trua dei er døypte til. Difor inviterer vi til dette trusopplæringstiltaket.

Veit de om fireåringar (født i 2015) i Gloppen sokn (tidlegare Gimmestad og Vereide sokn) som ikkje har fått denne invitasjonen, så inviter dei gjerne med både på laurdagssamling og gudsteneste!

Speleliste

Vi skal synge ein del songar ilag denne helga, og har samla dei fleste i ei speleliste. Bruk gjerne denne, så blir de litt kjende med songane før vi møtest. Spelelista finn de både her og på FB-sida «Kyrkja i Gloppen». <https://open.spotify.com/playlist/4UfiFL5patpho7hDfv7Wd>

For alle fireåringar

Har barnet ditt behov for spesiell tilrettelegging på samlingane med omsyn til mat eller andre tilhøve? Ta kontakt med Ingrid Bjørnereim.

Kan de ikkje kome?

Send sms til eller epost til Ingrid innan **onsdag 18. sept** dersom de ikkje kan kome!

Mobil: 988 03 053 eller epost til ingrid.bjornereim@gloppen.kyrkja.no

Dette gjeld både laurdag og gudstenesta på søndag. **NB!** Husk å oppgi navnet på 4-åringen!

Vi gler oss til å møte dykk!

Beste helsing

Vidar prest og «4-års-teamet»;

Anne Marie Bakke, Kirsti Bjotveit, Kari Leirgul og Ingrid Bjørnereim.

